



# DEN NORSKE KIRKE

## Orkland kirkelige fellesråd

### Protokoll

---

Faste medlemmer	Varamedlemmer
<b>Agdenes menighet:</b> Lars Birger Aadland	
<b>Geitastrand menighet:</b> Oddvar Kjøren – <i>forfall</i>	Leif Martin Meland
<b>Løkken menighet:</b> Jan Inge Holm – <i>forfall</i>	Britt Ingeborg Hansen – <i>forfall</i>
<b>Meldal menighet:</b> Ola Syrstadeng	
<b>Orkanger menighet:</b> Ole Kristian Fagerli – <i>forfall</i>	Steinar Fagerli – <i>forfall</i>
<b>Orkdal menighet:</b> Norhild Kirkbakk Solligård	
<b>Orkland menighet:</b> Helge Klungland	
<b>Snillfjord menighet:</b> Ingeborg Landrø – <i>forfall</i>	Liv Inger Kvalheim
<b>Orkland kommune:</b> Torstein Larsen	
<b>Prost:</b> Dagfinn Thomassen	

I tillegg møtte kirkeverge Silje Ysland t.o.m. sak 19/22.

### Sted

---

Møterommet ved Orkland kirkekontor, Blomstervegen 12 på Fannrem.

### Tid

---

Torsdag 12. mai 2022 kl. 18.00 – 19.00.

Servering av kaffe & te.

## **Informasjonsutveksling / Kirkevergen informerer**

---

- Generelt rundt personalet/medarbeiderne og HMS.
- Påskas gudstjenester og konfirmasjoner 2022.
- Generelt rundt fellesrådets økonomi for året 2022.
- Generelt rundt kirkebyggene og gravplassforvaltning.
- Generelt rundt gravferdsforvaltningen i Orkland.

### **Sak 17 / 22      Godkjenning av møteinnkalling**

---

**Vedtak:**

Møteinnkallinga for møtet godkjennes.

### **Sak 18 / 22      Godkjenning av protokoll fra møtet**

---

**Vedtak:**

Protokoll fra møtet 22. mars 2022 vedtas.

### **Sak 19 / 22      Kirkelig organisering og høringsoppsummering fra kirkelige instanser**

---

Orienteringssak.

«Müller-Nilssen-utvalet sin rapport om ny kyrkjeleg organisering var på høyring i 2021. No er over 1200 høyringssvar frå kyrkjelege instansar lest, analysert og samanfatta.

Over 1200 instansar har sendt inn høyringssvar om kyrkjeleg organisering. I dette talet ligg mellom anna 757 sokneråd, 107 sokneråd med fellesrådsfunksjon, 174 fellesråd og 10 bispedømeråd. No er høyringsmaterialet samanfatta. Foto: Torstein Kiserud / Den norske kyrkja. Over 1200 instansar har sendt inn høyringssvar om kyrkjeleg organisering. I dette talet ligg mellom anna 757 sokneråd, 107 sokneråd med fellesrådsfunksjon, 174 fellesråd og 10 bispedømeråd. No er høyringsmaterialet samanfatta. Foto: Torstein Kiserud / Den norske kyrkja.

– Høyringssvara uttrykker stor motstand mot den føreslegne modellen for prostifellesråd, men skildrar samtidig eit stort ynskje om at lokalt tilsette i kyrkja skal ha same arbeidsgjevar. Det seier Ingrid Vad Nilsen som er direktør i Kyrkjerådet.



## **Klar støtte til felles arbeidsgjevar**

*I juni 2021 sende Kyrkjerådet Müller-Nilssen-utvalet sin rapport Samhandling i en selvstendig folkekirke – ny kirkelig organisering på høyring.*

*Eit stort høyringsmateriale er no lest, analysert og samanfatta.*

*Høyringsoppsummeringa viser kva ulike typar instansar meiner om forslaga frå utvalet. Last ned høyringsoppsummeringa her.*

*– Høyringa ynskjer ikkje prostifellesråd slik det er skildra, men gjev klar støtte til felles arbeidsgjevar for alle som jobbar saman lokalt. Instansane peikar på at dette vil kunne gje fleire heile stillingar, større fagmiljø samordna leiing, like vilkår, god konflikthandtering og betre ressursforvaltning.*

*Motstanden mot prostifellesråd vert mellom anna grunngjeve med avstand mellom sokn og prosti og mellom lokalkyrkja og kommunen.*

## **Eit sentralt punkt**

*Etter planen skal Kyrkjemøtet, som er kyrkja sitt øvste demokratiske organ, vedta prinsipp for ny organisering. Prinsippvedtaket vil vere prinsipp på overordna nivå, til dømes om korleis arbeidsgjevaransvaret skal vere organisert. Før Kyrkjemøtet i september skal Kyrkjerådet behandle saka, på møte i mars og i mai.*

*– Spørsmålet om arbeidsgjevarorganisering er ein gordisk knute som vi må løyse for å få til ei ny organisering. Difor er det eit sentralt punkt som vert lagt vekt på no. Når denne prostifellesrådsmodellen ikkje er aktuelt, må ei ny organisering ta utgangspunkt i dei nivåa som finst i kyrkja i dag.*

## **Gjev retning for det vidare arbeidet**

*Høyringa inneheldt i alt 48 spørsmål. Dei dreidde seg mellom anna arbeidsgjevarorganisering, ansvar og oppgåver, dagleg leiing, samisk kyrkjeliv og korleis ulike råd skal veljast og setjast saman.*

*I høyringssvara ligg det mykje informasjon om kva behov og ynskjer lokalkyrkja har.*

*– Det store materialet med grundige fritekstsvar gjev retning for det vidare arbeidet med å få til ei ny kyrkjeleg organisering, seier Vad Nilsen.*

Høringa spurte mellom anna om kva som bør vere biskopen si rolle i framtida. Eit gjennomgåande funn i høringa er at instansane legg vekt på biskopens positive tilsyn som andeleg leiar og inspirator, rettleiar og vegvisar. Mange av høyringssvara set ord på eit ynskje om ei styrka tilsynsrolle med definert ansvar.

### **Stort høyringsmateriale**

Over 1200 instansar har svart. I dette talet ligg mellom anna 757 sokneråd, 107 sokneråd med fellesrådsfunksjon, 174 fellesråd og 10 bispedømeråd. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonar har også sendt inn svar om ny organisering.

Alle høyringssvara ligg ute på kyrkja.no/hoeringer.»

(<https://kirken.no/nb-NO/om-kirken/slik-styres-kirken/kirkelig%20organisering/aktuelt2/hoyringsoppsummering-kyrkjelege-instansar/> pr. 17.03.2022).

### **Sak 20 / 22      Orientering og oppfølging av informasjonsmail sendt fra leder av Fellesrådet 16. april**

---

Orienteringssak.

### **Åpen post / Eventuelt**

---

- Neste møte i Orkland kirkelige fellesråd er berammet torsdag 25. august kl. 18.



Helge Klungland

Leder Orkland kirkelige fellesråd



Silje Ysland

Kirkeverge/daglig leder